

Sogn og Fjordane fylkesbibliotek - Årsmelding 2005

Fylkesbiblioteket er eit service og utviklingsorgan for biblioteksektoren i fylket. Fylkesbiblioteket samarbeider med kommunane om mobil bibliotekteneste og gir folkebiblioteka i fylket råd og hjelp blant anna om nye biblioteklokale og IT-spørsmål, deltar i utviklingsprosjekt og arrangerar kurs og møte for bibliotektilsette.

Litteraturformidling og lesestimulering

Bokbussen

Fylkesbibliotek driv bokbuss i samarbeid med kommunane. Bokbussen gir dei som bur usentralt eit minimum av bibliotektilbod, og skal bidra til å jamne ut skildnadene mellom distrikt og sentrum. Brukarane er stort sett eldre og skuleborn - absolutt dei fleste skulane i fylket har dårlege skulebibliotek, som manglar midlar til både bøker og personale. Kommunane, dvs. folkebiblioteka betalar for å ha bokbussen. Dårlig kommuneøkonomi har dei siste åra ført til at stadig fleire bokbusskommunar har sagt opp bokbussen.

Frå hausten 2005 var det berre att Naustdal, Førde, Fjaler, Høyanger og Bremanger som nyttar seg av bokbussen. Bremanger har berre eitt stopp. Stryn, som berre har bibliotek i Stryn sentrum og som var bokbussen sin største brukar, sa opp bokbussen våren 2005.

Personalet frå folkebiblioteka i kommunane bemannar bokbussen, medan fylkesbiblioteket organiserar drifta av bussen og fyller den med bøker. Bokbuss-stoppa er i hovudsak ved skular og barnehagar. 2/3 av utlånet er til barn og unge. Utlånet på bokbussen har gått ned med nesten 30% frå året før, til 9812 bøker, lydbøker og musikk cd`ar. Det skuldast at Stryn no er ute og at Askvoll og Flora slutta etter første halvår i 2004.

Likevel er det ein auke i utlånet hos mange av dei skulane som er att som bokbussbrukarar. Ålfoten skule har auka utlånet med 102% i 2005. Vi ser tydeleg at lesestimuleringstiltak på mange skular i samband med *Gi rom for lesing* har stor innverknad på utlånet til elevane.

Bokbåten Epos

Bokbåten er eit samarbeid med Hordaland og Møre og Romsdal, og 13 kommunar i Sogn og Fjordane. Bokbåten køyrte som vanleg 2 turar, ein om vinteren og ein om hausten.

I Sogn og Fjordane var 2 222 personar ombord, og av desse var det 1 684 personar som fekk med seg kulturprogramma. Det vart lånt ut 19 704 bøker og lydbøker frå bokbåten, vel halvparten var barnebøker.

Vinterturen: Bokbåten vitja 35 stader (i tillegg kjem 4 stopp som måtte sløyfast p.g.a. is i fjorden) og 27 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Småsporven gjeng i tunet" med Alf Bugge Gjerstad/Nini Ritzau: (825 personar) (samarbeid med Norsk Kulturråd og Sogn og Fjordane folkeakademi)
Haustturen: Bokbåten vitja 39 stader og 29 av desse fekk tilbod om kulturprogrammet "Himmel og hav" med Nina Næsheim (859 personar) (samarbeid med Sogn og Fjordane folkeakademi)

I FT- sak 020/05 *Litteraturformidling i Sogn og Fjordane* vart det bestemt å halde fram med bokbåtdrifta.

Fylkesbiblioteket har ansvar for å revidere ruteopplegget for bokbåten, og sjå på korleis ein kan samordne bokbåten betre med tilbodet i Den Kulturelle Skulesekken. Arbeidet med dette starta hausten 2005 med sikte på å ha eit nytt opplegg frå hausten 2006.

Klassesett

Fylkesbiblioteket låner ut klassesett til grunnskular og vidaregåande skular for å støtte skulane i arbeidet med å auke lesedugleik og leseglede hos elevane. I 2005 vart det lånt ut 2862 bøker og lydbøker som klassesett til skulane i fylket. Det ein liten auke frå 2004. Dette skuleåret har skulane mange leseprosjekt i gang som dei nyttar bøker frå biblioteka til. Dei låner ikkje mykje klassesett til leseprosjekt og derfor legg vi om innkjøpa av klassesett for å møte dei nye behova til skulane.

Fjernlån

Fylkesbiblioteket mottok 4 296 tingingar til fjernlånsavdelinga. Tilsaman vart det lånt ut 4 768 media.

Bokprat

Mangel på kjennskap til dei gode bøkene gjer det ofte vanskelig for born og unge å bli glad i å lese. Lærarane er dei som ofte er dei nærmaste til å anbefale bøker til dei unge, men dei har sjeldan kjennskap til den nye litteraturen. Dette er grunnen til at fylkesbiblioteket i 2005 har satsa sterkt på å utvikle såkalla bokpratarar. Det vil seie at bibliotekpersonale med særleg interesse for bokprat har fått eit grundig kurs med ein skodespelarinstruktør for å bli gode til å formidle bøker. Ti bibliotektilsette deltok på kurset, som gjekk over to gangar tre dagar. Vi har møter to gongar i året for bokpratarane og vil prøve å få til eit opplegg i samarbeid med Den kulturelle skulesekken der bokpratarane kjem ut i skulen og formidlar bøker.

Forfattarturnear

Forfattar som besøker klassar og fortel om det å skrive og om bøkene sine er eit av dei viktigaste tiltaka vi har på fylkesbibliotek for å auke interessa for lesing. Tidligare var dette tilbodet ein del av fylkestilbodet i Den kulturelle skulesekken (DKS). Fordi det er eit tidkrevjande og kostbart tilbod har DKS vald å utelukke forfattarbesøk frå sitt tilbod. Fylkesbiblioteket, i samarbeid med Norsk forfattersentrum og Folkeakademiet i fylket, har difor utvikla eit tilbod som skulane kan nytte seg av. Ein gong i året sender vi ut tilbod om å tinge forfattar. Skulane må betale kostpris. Fylkesbiblioteket har ingen midlar til å dekke utgiftene til forfattarbesøk, men får litt støtte frå dei to samarbeidspartnarane sine.

I 2005 hadde vi sju forfattar på turne ute på skulane i til saman ti veker. 138 skuleklassar hadde besøk av ein levande forfattar.

Datasystem og databasar

Samarbeidsprosjekt i indre Sunnfjord

Det er i 2005 inngått samarbeid mellom fylkesbiblioteket/Førde bibliotek og dei andre biblioteka i indre Sunnfjord (Gaular, Jølster, Naustdal) om felles biblioteksystem og -base. Målet er betre tenester for publikum, og betre samarbeid og utnytting av ressursane mellom kommunane. Gaular, Jølster og Naustdal går over til systemet "Bibliofil", og ein har fått midlar frå prosjektet "Nettbasert kulturformidling" for omlegging av systemet for dei tre biblioteka. Prosjektet vil bli gjennomført i 2006.

HAFS- biblioteka på nett

Fylkesbiblioteket har også hjulpet biblioteka i HAFS-kommunane med å finne løysingar for å få bibliotekbasane søkbare på nett.

Felles server

Det er inngått server-samarbeid med Sogndal bibliotek, i staden for å ha to separate Bibliofil-serverar har Sogndal bibliotek har flytta basen sin over på fylkesbibliotekets server. Dette fører til reduserte driftsutgifter for begge partar.

Også grunnskulane i Førde og fem vidaregåande skular har Bibliofil med serverplass hos fylkesbiblioteket. Gaular folkebibliotek har basen sin tilgjengeleg på nett via fylkesbibliotekets server.

Nettbasert kulturformidling

Fylkesbiblioteket har vore involvert i prosjektet "Nettbasert kulturformidling" innan tre område: Deltatt i vidareutviklinga av det nye Kulturnett Sogn og Fjordane, sett på bibliotekbaseløysingar for musea og arbeid med felles bibliotekløysingar/-basar for biblioteka, der prosjektet i indre Sunnfjord har gått inn som ein prøvestein.

Fjognedok

Prosjektet "Fjognedok, ein lokalhistorisk database" vart avslutta i 2005. Prosjektet har gått ut på å bygge opp ein bibliografisk database (eit register) med oversikt over lokalhistoriske artiklar om Sogn og Fjordane. Lokalhistoriske tidskrift, sogeskrift, årbøker m.m. vert analyserte og indekserte og dette arbeidet vert no ein del av den daglege drifta. Ved årsskiftet var det registrert vel 10.000 postar. Basen

er søkbar på fylkesbiblioteket sine heimesider. Ein kan søke på personar, tittel, kommunenamn, gardsnamn, slektsnamn m.m. På sida vår ligg og ei oversikt over dei skriftene som er analyserte, denne vert oppdatert etter kvart som nye skrift/årgangar kjem med.

Internasjonalt arbeid

Fylkesbiblioteket har i 2005 hatt ein slovensk jente som volontør. I lag med volontøren hadde vi eit lite prosjekt på Førde bibliotek for kvinner på Førde asylmottak. På biblioteka ser vi at mannlege asylsøkjjarar er veldig aktive brukarar av biblioteka, særleg publikumspc'ene. Vi fann at det også er mange kvinner på asylmottaket og laga to kurs/klubbar for dei. Målet var at dei skulle lære å bruke internett og forstå at biblioteka var eit tilbod dei har rett til og nytte av å bruke. Ei av damene kunne ikkje lese og det prøvde vi å lære ho. Vi såg det også som svært nyttig at vi hadde tid å snakke saman og skape forståing mellom kulturane. Kvinnene frå asylmottaket var veldig glade for at nokon ville gje dei så mykje merksemd og tid og dei var svært lærevillige.

Kurs/møte

Mikromarc informasjonsmøte, Skei 10. februar. Fylkesbiblioteket arrangerte møtet saman med systemleverandøren (Bibits), 13 deltakarar.

Bibliofil-møte: Bibliotek-Systemer besøkte fylket i august, og forutan møte for Førde bibliotek/fylkesbiblioteket, fekk vi til eit møte for dei vidaregåande skulane i Sunnfjord.

Bokpratkurs i Bergen, 14.-16. febr. og 9.-11. mars 2005. Fylkesbiblioteket støtta kurset økonomisk. 10 bibliotektilsette deltok.

Nettverkssamlingar for folkebiblioteksjefane i regionane. Sunnfjord/Ytre Sogn hadde møte i Førde 22. februar. Tema var litteraturformidling og IT-løysingar. Samlingane i Nordfjord og Sogn vart utsett grunna sjukdom.

Bibliotekdagane 2005 i Sogn og Fjordane. 15.-16. september, Førde. Tema var Folkebiblioteket sin verdi hos innbyggjarane, kunnskapsløftet og litteraturformidling. Møtet hadde 45 deltakarar.

Årets barne- og ungdomslitteratur. Florø 7. november og Sandane 8. november. Ca 70 deltakarar til saman. Kurset er eit samarbeid med IBBY Norge Barnebokforum?